



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2025/453-2

Saksbehandlar: Ivar Bø

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
		Formannskap

Forskrift om godtgjersle for folkevalde i Skjåk kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Skjåk kommune har ansvaret for å fastsetja godtgjersle og andre økonomiske ytingar til folkevalde, jf. Kommuneleva §§8-3 og 8-4. For å sikre openheit, føreseielegheit og likebehandling er det utarbeidd eit forslag til forskrift for godtgjersle av folkevalde.

Gjeldande ordning for godtgjersle vart sist handsama i 2020, og det er no behov for å oppdatere regelverket og forskriftsfeste reglementet. Endringane tek omsyn til endre lovverk, erfaringar frå tidlegare perioder og behov for tydlegare reglar knytt til møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og refusjon av utgifter.

Forskrifta er meint å gjelde for både kommunestyret og andre folkevalde organ i kommunen.

Formål med forskrifta

Formålet med forskrifta er å:

- sikre rimeleg og rettviss godtgjersle til folkevalde
- leggje til rette for brei deltaking i lokalpolitikken
- gje tydlege reglar for økonomiske ytingar
- bidra til god økonomistyring og openheit
- forskrifta må sjåast i samanheng med m.a.. Kommunelev, forskrifter og anna reglement for folkevalde organ i kommunen

Hovudinnhald i forskrifta

Forslag til forskrift regulerer mellom anna:

- fast årleg godtgjersle for ordførar, varaordførar og andre folkevalde verv
- møtegodtgjersle for deltaking i politiske møte
- erstatning for dokumentert og udokumentert tapt arbeidsforteneste
- refusjon av nødvendige utgifter (reise, kost, barnepass m.m.)
- ikraftsetjing

Forskrifta er lagd opp slik at ho er i samsvar med kommunelova og vanleg praksis i norske kommunar.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Forskrifta er ikkje venta å gje vesentlege meirutgifter utover det som allereie ligg inne i vedteke budsjett, men kan medføre mindre justeringar i kostnadsnivået avhengig av politisk aktivitet og møteverksemd.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at forslaget til forskrift gir eit tydeleg og balansert regelverk, som både tek omsyn til dei folkevalde sine rettar og kommunen sitt ansvar for forsvarleg bruk av økonomiske midlar. Forskrifta legg til rette for lik handsaming og reduserer behovet for skjønsmessige vurderingar i enkeltsaker.

Forslaget er òg utforma med tanke på enkel administrering og god forståing for både folkevalde og administrasjon.

Kommunedirektøren si tilråding

1. Formannskapet legg forslaget til forskrift med eventuelle endringar ut på høyring i seks veker.
2. Etter høyringsfristen behandlar formannskapet forslaget og gjer eventuelle endringar og innstiller til vedtak for kommunestyret.